



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2659 - 18/24658

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

22.11.2018

Søknad om bygging av landbruksveg og oppstillingsplass - Solhaugvegen Gbnr.18/12 Øvre Sagstad i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca.145 meter i vegklasse 4 og oppstillingsplass/snuplass.

Gbnr: 18/12

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 14.12.2018

Meland kommune har motteke søknad frå Erik Knag Johannesen om å få byggje ein landbruksveg og oppstillingsplass/lunneplasp/Snuplass på Øvre Sagstad. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 4 på ca. 145 meter og ein oppstillingsplass/lunneplasp/snuplass i samband med vegen.Vegen og oppstillingsplassen skal nyttast i samband med jord - og skogbruk på garden.

Bygginga av vegen vil vere eit viktig tiltak på garden for å betre tilkomsten både til jordbruksareala og skogen. Det er i dag ingen vegtilkomst til kjeller og første etasje på løa på bruket. Søkjar må i dag køyre over innmarka. Det er heller ikkje vegtilkomst til delar av dyrka marka og skogen. Bygging av vegen vil gjere tilgangen på eigen innmark og lettare og enklare utan å risikere køyreskader på innmarka. Betre vegtilkomst vil samstundes gjere det enklare å kunne drive jorda og skogen på bruket. Landbruket krev stadig fleire og større maskiner, og i eit vått klima er det viktig med god vegtilk omst. Vegar kan redusera køyring på innmark og difor redusera køyreskader og jordpakking. Vidare er god vegtilkomst viktig for å kunne driva meir rasjonelt og økonomisk.

Etter for skrift om planlegging og godkjenninga v landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka vert handsama. Saka vert sendt Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale då det er skogbruksinteresser i vegen jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknadsskjema og kart over tiltaket er lagt ved.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg GBNR 18/12
Kart

Kopi til:

Erik Knag Johannesen

Sagstadvegen 127 5919

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune - kultur
og idrettsavdelinga
Meland kommune kulturavdelinga
v/ Eirik Bouwer Utne

Postboks 7310 5020
Postboks 7900 5020

BERGEN
BERGEN